


formidling  
av kunnskap  
vårt ansvar  
siden 1829

Fagfornyelsen

 Muntlig kommunikasjon er en viktig del av yrkesutdanningen. I *Kontakt* kan elevene øve på ulike muntlige situasjoner som er særlig relevante for yrket de utdanner seg til.

FAGFORNYELSEN

## Kontakt

### Norsk for yrkesfag vg2

Med læreverket *Kontakt* for norsk yrkesfag vg2 vil elevene oppleve norskfaget som relevant for yrkesretningen de har valgt, og at norskfaget har en praktisk verdi for dem.

På *elev- og lærernettsstedet* er det rikelig med digitale ressurser, oppgaver, godt lese- og skriveverktøy og tverrfaglige undervisningsopplegg for yrkesfagene.

**Bla i boka!** Digitalt vurderingseksemplar på [cdu.no](http://cdu.no) → Min side.

#### Digitalt besøk på din skole?

Kontakt oss for avtale om presentasjon på [vginfo@cappelendamm.no](mailto:vginfo@cappelendamm.no)



Kontakt for yrkesfag (2021)

Lærebok i papirutgave og som digital lærebok

Elev- og lærernettssted → [kontakt.cdu.no](http://kontakt.cdu.no)

Les mer på [cdu.no/vgs](http://cdu.no/vgs)

CAPPELEN DAMM

# «Noen er humoristiske og rørende, mens andre er irrelevante og kleine»

Ungdom sine vurderingar av fire diktsamlingar skrivne for ungdom

TEKST *Therese Garshol Syversen og Dag Freddy Røed*

**D**et finst i dag ei rekke prisar som synleggjer litteratur skriven for ungdom. Kåringar som Brageprisen, Kritikerprisen og prisane hjå Nordisk råd og Kulturdepartementet er med på å auke status og bidrar til å anerkjenne ungdomslitteratur som kunst. I dei nemnde døma er det vaksne som sit i juryen og vurderer barne- og ungdomslitteratur på vegner av målgruppa. Samtidig finst det også kåringar der ungdomen sjølv trer inn i rolla som kritiker. I både Uprisen og Ungdommens kritikerpris er det ungdom som sit i juryen og avgjer kven som får utmerkinga. Likevel blir Uprisen omtala som den einaste «reine» ungdomsprisen, og det kjem av at ungdom i Ungdommens kritikerpris vel mellom bøker som allereie er nominert av Norsk kritikerlag, altså ein vaksen-jury. I tillegg er mange av bøkene som blir vurdert til Ungdommens kritikerpris, bøker som hamnar innunder kategorien vaksenlitteratur.<sup>1</sup> Dermed er Uprisen den einaste kåringa i Noreg der ungdom sjølv vurderer ungdomslitteratur, med få føringar frå vaksne.<sup>2</sup>

I denne artikkelen vil vi sjå nærmare på korleis ungdomsskuleelevar, via nettstaden Uprisen.no, vurderer fire diktsamlingar utgitt i 2019. For å analysere meldingane tar vi utgangspunkt i Per Thomas Andersen (1987) sine kriterium for litteraturkritikk. I tillegg nyttar vi teoretiske perspektiv frå Erik Bjerck Hagen

(2004) og Cecilie Wright Lund (2000) i drøftinga. Meldingane som blir analysert, er skrivne til diktsamlingane *Følg med nå* (Skaug, 2019), *Vind i værhanen* (Andersen, 2019), *Når er jeg gammel nok til å skyte faren min?* (Ombustvedt & Engedal, 2019) og *Kom og sett meg i orden* (Bergquist, 2019).

Etter fleire år der poesi retta mot ungdom har vore mangelvare,<sup>3</sup> kan det no sjå ut til at trenden er i ferd med å snu. Med fire diktsamlingar i 2019, der éin av dei låg på bestseljarlista i fleire veker,<sup>4</sup> er det snakk om ei oppsiktsvekkande utvikling, ifølge kritiker Ingrid Senje (2020). Likevel erklærte Frode Helmich Pedersen (2020a) ved byrjinga av året at poesiens æra var over, ettersom dikt i liten grad blir lesne av meldarar og i samfunnet elles. Dette gjorde poesikritikk særleg utsett, meinte han. Pedersen fekk motsvar, blant anna frå Camilla Holm (2020), som hevda at poesiens snarare hadde fått ein renessanse gjennom instapoesien. Dette innleia den såkalla «instapoesi-debatten», med påfølgande diskusjonar om tema som litterær kvalitet, poesiens tilgjengelegheit og lesargruppe (Pedersen, 2020b; Rzadkowska, 2020; Vassenden, 2020).

Uavhengig av korleis ein posisjonerer seg i (insta) poesidebatten, har talet på lyriske utgivingar for ungdom auka. I lys av det Senje (2020) omtaler som ei plutselig vending mot poesi for unge, er det vår oppfatning at

desse tekstane bør finne vegen inn, både til litteraturforskninga og klasserommet. Ved å undersøke bokmeldingar skrivne av ungdom, er det eit mål med denne artikkelen å gi norsklærarar innblikk i korleis ungdomar opplever og vurderer lyriske tekstar. Kritikkk heng som kjent saman med subjektive opplevingar (Kendzior, 1995, s. 125). Vidare ønsker vi å synleggjere ungdomar som kritikargruppe. På sikt meiner vi dette kan skape meir dynamiske diskusjonar rundt kva som kjenne-teiknar litterær kvalitet, både i og utanfor klasserommet.

### Kvifor rette blikket mot lyrikk?

Kva som kjenneteiknar lyrikk skriven for ungdom, har hittil fått lite merksemd i litteraturforskninga. Ei mogleg forklaring er at det handlar om korleis ein avgrensar ungdomslitteratur mot barnelitteratur, der enkelte kan hevde at inndelinga først og fremst er kommersiell og skapt av bokbransjen (Brøske, 2012, s. 3). For eksempel definerer litteraturforskar Maria Nikolajeva (2017, s. 31) 'barnelitteratur' som litteratur med barn - altså menneske mellom 0 og 18 år - som målgruppe. Samtidig understrekar ho at omgrepet 'barn' ikkje er uproblematisk i denne samanhengen, og at det har vore gjenstand for mykje diskusjon i barnelitteraturforskninga (Nikolajeva, 2017, s. 18-23). Med utgangspunkt i Nikolajeva sin definisjon, som ho sjølv omtalar som ein «arbeidsdefinisjon», inngår både ungdomslitteratur og litteratur for unge vaksne som ein del av barnelitteraturen (2017, s. 31-32). Av den grunn kan omgrepet 'barnelyrikk' seiast å inkludere lyrikk for ungdom.

Det eksisterer foreløpig ingen tradisjon for å nytte omgrepet 'ungdomslyrikk' om lyrikk skapt for ungdom.<sup>5</sup> Samtidig har fleire forskarar studert ungdomslitteratur som ein avgrensa del av barnelitteraturen. Svein Slettan (2020, s. 13) skriv at ungdomslitteratur er barnelitteratur for eldre årsklasser, nærmare bestemt tenåringar. Sjølv om grensene mellom litteratur for barn, ungdom og vaksne ofte kan vere uklare (Ommundsen, 2010, s. 47; Birkeland, Mjør & Teigland, 2018, s. 141), meiner Slettan (2020, s. 17) at det er noko karakteristisk ved tekstar for ungdom: «(...) noko som skil dei ut frå det som er for barn, og det som er for vaksne.» Av den grunn meiner vi at det er viktig å synleggjere poesi for ungdom. Episke tekstar, slik som ungdomsromanar, har til dømes fått merksemd i litteraturforskninga<sup>6</sup>, mens dei lyriske tekstane framleis er eit lite utforska felt.

I didaktisk samanheng skriv Kjersti Rognes Solbu og Jon Opedal Hove (2017, s. 11) at arbeid med lyrikk kan auke elevane si toleranse for det som «ikkje går opp». For norsklærarar i skulen er dikt praktiske fordi dei er overkommelege (det går raskt å lese eit dikt), og er godt eigna fordi dei *ikkje* er overkommelege (ein blir aldri ferdig med eit dikt). Samtidig er lyrikk ein utskjelt sjanger. Ben Lerner (2017, s. 8) hevdar det har vore ei veksling mellom forsvar og fordømming av poesi


gjennom tusenår, og skriv at det er langt fleire som er einige om at dei hatar poesi, enn dei som er einige om kva poesi er. Her i landet er det ikkje få kronikkar som har tematisert dikt og diskutert bruken av dei i utdanningssamanheng (sjå til dømes Heivoll, 2019; Nærum, 2014; Talmo, 2016). Det er kanskje *ikkje* uventa at slike diskusjonar tidvis finn vegen inn til klasserommet òg, med elevar som ikkje nødvendigvis ser dikt som ei kjelde til estetisk nytting (Solbu & Hove, 2017, s. 19). Da kan kunnskap om ungdom som lesarar og kritikkarar kome norsklæraren til gode.

### Om Uprisen og ungdom som kritikargruppe

Kåringa Uprisen blir administrert av Foreningen Iles i samarbeid med Norsk Litteraturfestival på Lillehammer og Den kulturelle skolesekken. Frå og med 2011 har alle vurderingar blitt gjennomført av ungdomar sjølv, og det er berre ungdom i ungdomsskulealder som kan delta. I kvar kåring er det 1000 ungdomar som er involvert, og det er tre fasar og tre juryar som elevane kan delta i. For vår studie er det den første fase som er i fokus. Dette er ein fase der alle norske ungdomsbøker frå inneverande år blir vurdert av 30 ungdomsskuleklassar, i tillegg til at det er opent for andre ungdomsskuleelevar som vil melde bøker. I 2019 blei det utgitt 40 titlar, deriblant dei fire diktsamlingane som er grunnlag for meldingane i denne studien.

Det er få som har studert kva som kjenneteiknar ungdom som kritikkarar av ungdomslitteratur. Eit unntak er Mette Moe og Vibeke Røglers, som har tatt for seg meldingar skrivne av ungdom i artikkelen «Proppfull av virkemidler og spenning høyere enn Himalaya! Når unge lesere anmelder litteratur» (2018). Meir spesifikt såg artikkelforfattarane nærmare på korleis ungdomsromanane *Revolvergutten* (2014) av Arne Svingen og *I morgen er alt mørkt - Brages historie* (2014) av Sigbjørn Mostue blei vurdert. Moe og Røglers fann at spenning, truverd og attkjenning/identifikasjon var viktige kriterium for ungdomane.

Sjølv om det finst lite kunnskap om ungdom som kritikkarar, kan det sjå ut til at dei vurderer litteratur annleis enn profesjonelle kritikkarar. Ella Toft Lowum (2013) har samanlikna bokmeldingar frå dei to gruppene knytt til romanane *Lille ekorn* (2012) av Linn T. Sunne og *Din vakre jævel* (2012) av Helene Uri og Arne Svingen. Sistnemnde var nominert til Uprisen, mens førstnemnde vann Brageprisen for ungdomslitteratur - utan å vere nominert til Uprisen. Profesjonelle kritikkarar var altså begeistra for *Lille ekorn*, mens mange ungdomar på Uprisen meinte boka var platt, keisam og klisjéaktig (Lowum, 2013, s. 34). Til forskjell var *Din vakre jævel* blant bøkene som fekk mest positiv omtale av ungdomane på Uprisen, mens vaksne kritikkarar meinte den eine hovudkarakteren var lite truverdig.



**Therese Garshol Syversen  
og Dag Freddy Røed**

Therese Garshol Syversen er stipendiat ved Høgskolen i Innlandet.



Dag Freddy Røed er Universitetslektor ved OsloMet – storbyuniversitetet.

Sjølv om ungdom og vaksne vurderte dei same bøkene på ulik måte, hadde dei til felles at dei la estetiske kriterium til grunn, med språkleg stil og kompositoriske trekk, i tillegg til etiske spørsmål (Lowum, 2013, s. 37).

Karen Frøslund Nystøyl (2018) har også samanlikna vurderingar av ungdom og vaksne og stilt spørsmål ved om Brageprisen for barne- og ungdomsbok tar for mykje omsyn til vaksenlesaren. Dei bøkene som vinn kåringa er gjerne «en smal, litt utilgjengelig bok, en bok som skiller seg ut og er eksperimentell. Men som kanskje ikke ungdommene slåss om å få låne på biblioteket». I artikkelen tar ho for seg dei sprikande vurderingane av Anna Fiske si bok *Elven* (2018) mellom Brageprisjuryen og ungdomslesarar som har vurdert boka på Uprisen.no. Sjølv om vurderingane til ungdommen varierer, er mange av dei kritiske med utsegner som «Jeg går så langt å si at boken er en Waste av tid (...) lurer på hvilket geni som nominerte denne til Brage prisen» (Olav, 10. trinn) og «Boken starter ikke fengende og slutter ikke fengende» (Maja, 9. trinn). Dei profesjonelle kritikkarane meinte derimot at boka var «ein brennande intens melodi» (Nystøyl, 2018, u.s.).

Til forskjell frå juryar i Brageprisen, Kritikarprisen og liknande er ikkje ungdomar profesjonelle kritikkarar. Ein kan argumentere for at dei uttalar seg med ein

annan, kanskje mindre, autoritet enn vaksne som har dette som jobb. Samtidig har ungdom autoritet i slike meldingar ved at dei faktisk *er* ungdomar og dermed i målgruppa for litteraturen. Viss ein tar utgangspunkt i at ungdomslitteratur er litteratur skriven med intensjon om å treffe ungdomar, bør vurderingane deira bli tatt på alvor.

### Teoretiske perspektiv på litteraturkritikk

Ifølge Andersen (1987, s. 17) finst det ingen kritikk utan kriterium. Moment som handlingsreferat, karakteristikk av forfattar eller forfatterskap og tematikkhypotese er ikkje kritikk, sjølv om ein kritikkar bør gjere greie for dette (Rottem, 1995, s. 43). Viss teksten skal ta steget frå bokomtale til bokmelding, må det litterære produktet vurderast. I den samanhengen blir det interessant å sjå kva for kriterium som blir lagt til grunn for vurderinga. Hagen (2004, s. 39) beskriv kritikk som eit kontinuum, frå det sterkt estetiserande på den eine sida til det moralsk/politisk orienterte i andre enden av skalaen. Samtidig meiner Hagen at fleirtalet av profesjonelle kritikkarar i Noreg står i ein slags mellomposisjon (2004, s. 39).

Ved hjelp av perspektiv frå Monroe C. Beardsley presenterer Andersen (1987, s. 17) fem hovudkriterium

for å klassifisere kritikk. Det *moralske/politiske kriteriet* har med haldningar i teksten å gjere, det kan vere utsegner som gir teksten politisk, moralsk eller sosial verdi. Altså dreier det seg om bøkene sin samfunnsmessige funksjon og eventuelle betydning for samfunnet (Bu, 2005, s. 60). Det *kognitive kriteriet* vurderer moment som tankekraft eller det intellektuelle nivået i teksten, eit innhald som bidrar til å auke lesaren sin kunnskap om verda (Andersen, 1987, s. 1920). Det er typisk at kritikarar som tar i bruk dette kriteriet, skriv om ei «djupn» i teksten. Med negativt forteikn kan det dreie seg om at bøker blir avvist som for kompliserte, med lite tilgjengeleg tematikk. Utsegner som har med forhold forut for teksten å gjere, ser Andersen (1987, s. 21) i samanheng med det *genetiske kriteriet*. Ofte blir det genetiske kriteriet knytt til ein litteraturhistorisk kontekst eller litterær retning, noko som kanskje er lite sannsynleg at ungdomskritikarar vil vektlegge.

Det *estetiske kriteriet* konsentrerer seg om det spesifikke litterære, tekstlege, eller kunstnariske ved ei bok (Andersen 1987, s. 24). Ettersom det dreier seg om ein heilt grunnleggjande tekstleg kvalitet, blir det eit viktig kriterium. Det estetiske kriteriet kan vidare delast inn i kompleksitet, integritet/heilskap og intensitet. Integritet kan handle om eit slags truverd ved teksten, mens kompleksitet kan sjåast i samanheng med at verket opnar for fleire tolkingmoglegheiter, eller eventuelt meir negativt at det blir oppfatta som klisjéfullt og banalt. Å skilje mellom det kognitive kriteriet og kompleksitet innanfor det estetiske kriteriet kan vere ei utfordring, særleg viss meldaren kommenterer at verket er «djupt» utan å presisere det ytterlegare (Bu, 2005, s. 68).

Avslutningsvis vil det *affektive kriteriet* også kunne gjere seg gjeldande. Det handlar ikkje om i kva grad verket er godt eller dårleg, men heller om meldaren si oppfatning av kvalitet. Altså dreier det seg om ei subjektiv lesaroppleving, noko som vil vere sentralt for mange kritikarar. Denne subjektive lesaropplevinga er eit hovudpoeng ved sjølve kritikken, meiner Nøste Kendizior (1995, s. 125), det er til og med snakk om ein *omsynslaus subjektivitet*. For profesjonelle kritikarar er det særleg når vurderinga er negativ at det affektive blir eit viktig kriterium (Bu, 2005, s. 69), men korleis det artar seg for ungdomen, er meir uvisst.

Andersen sine kriterium har vore sentrale i litteraturkritisk forskning (Hagen, 2004, s. 41). Samtidig finst det også andre tilnærmingar til å klassifisere litteraturkritikk. Hagen omtalar verkelegheit, oppriktigheit og framandheit som tre ur-kriterium, som alle er estetiske (s. 44). Dei to første, verkelegheit og oppriktigheit, kan ein sjå i samanheng med integritet/heilskap og truverd innanfor Andersen (1987) si beskriving av det estetiske kriteriet. Framandheit har med originalitet å gjere, det uføreseielege og stil. Hagen (2004, s. 48) skriv: «Den store litteraturen vet vi ikke hvor vi har før siste ord er lest.»

I tillegg presenterer han andre kriterium som ein også kjenner igjen frå Andersen, deriblant moralsk djupne, kognitiv rekkevidde og kompleksitet. Samtidig meiner Hagen (2004, s. 41) at det moralske, kognitive og estetiske ikkje så lett lar seg skilje frå kvarandre. Dette grunngir han med at litterær kraft ikkje kan vurderast isolert.

Klassifiseringa hjå Andersen (1987) har fleire møtepunkt med dei kriteria Hagen (2004) beskriv, og desse kriteria går minst 200 år tilbake i tid (s. 39). Lund (2000, s. 49-50) refererer også til Andersen, men presenterer i tillegg ein ny måte å analysere kritikk på. Dei fire kategoriane ho beskriv, er *analysert og nyansert kritikk*, *kritikk med overflatisk vurdering*, *forbrukarrettlegg* og *slakt/panegyrikk*. Altså handlar det ikkje om kva for kriterium kritikken tar i bruk, men argumentasjonsnivået og forholdet mellom premiss og konklusjon.

Det dømet som Lund gir på analysert og nyansert kritikk, vier plass til tematikk og estetiske verkemiddel - samtidig som meldaren tar stilling og har ei tydeleg subjektiv vinkling. I kritikk med overflatisk vurdering blir kriteria uklare, mens forbrukarrettleggingar kan minne meir om ei lanseringsnyheit. Det Lund (2000, s. 58-59) omtalar som slakt/panegyrikk, er meldingar som inneheld påstandar, dei kan vere negativt eller positivt ladde, men utan grunngeving for synspunkta. Både Hagen (2004, s.13) og Lund (2000) framhevar kor vanskeleg det er å skrive god kritikk, og at gode litteraturkritikarar er ein mangelvare. Å skrive god kritikk er altså ei krevjande oppgåve, uavhengig om ein er profesjonell kritikar eller ungdomsskuleelev.

## Data og analyse

Datamaterialet som blir analysert i denne studien, består av 132 digitale tekstar skrivne av ungdom. I kåringa av Uprisen får ungdom moglegheit til å vurdere alle utgivingar retta mot ungdom i inneverande år. Blant tekstar som skulle vurderast hausten 2019 til Uprisen 2020, var flest romanar (36), men òg fire diktsamlingar. Det er desse fire diktsamlingane, nærmare bestemt vurderingane av dei, som vi rettar fokus mot. Altså søker vi ikkje i første rekke å forstå verka, men heller å undersøke kva ungdom vektlegg i vurderingane sine.

Per 2. mai 2020 var 51 meldingar<sup>7</sup> skrivne til *Følg med nå* (Skaug, 2019), 20 meldingar skrivne til *Vind i værhanen* (Andersen, 2019), 28 meldingar skrivne til *Når er jeg gammel nok til å skyte faren min?* (Ombustvedt & Engedal, 2019), og 33 meldingar<sup>8</sup> skrivne til *Kom og sett meg i orden* (Bergquist, 2019). Alle diktsamlingane og meldingane er på bokmål. Ettersom meldingane er offentleg tilgjengelege for alle som vil lese dei, har vi valt å bruke namn viss ungdomane har oppgitt det på nettstaden.

Som nemnt tidlegare tar vi utgangspunkt i Andersen (1987) sine kriterium i klassifiseringa av bokmeldingane, samtidig som vi supplerer med perspektiv frå Hagen (2004) og Lund (2000). Vi har òg gjort nokre tilpassingar



ettersom det er ungdom og ikkje profesjonelle kritikarar som har skrive meldingane. Ein gjennomgang av materialet viste at ingen av vurderingane tok i bruk det Andersen (1987) refererer til som *det genetiske kriteriet*, og vi har derfor sett bort frå det i presentasjonen av funn og i analysedelen. Det *moralske/politiske kriteriet* forstår vi som at det omfattar bøker som blir beskrivne som *viktige*, gjerne på grunn av at dei rettar fokus mot samfunnsproblem, slik som vald i heimen og psykisk helse. Tekstane får med dette ein politisk, moralsk og sosial verdi. Det *kognitive kriteriet* ser vi i samheng med korleis ungdomane vurderer djupn, tilgjengelegheit og eventuelt «motstand» i fortolking av tekstane. Når det gjeld *estetiske kriterium*, vil moment som blant anna intensitet, integritet/truverd, spenning og originalitet vere viktige. *Affektive kriterium*, slik vi forstår dei, har med den subjektive lesaropplevinga å gjere. Ein kan argumentere for at alle meldingane vil vere subjektive, ettersom ungdomane blir oppmoda til å uttrykke meiningane sine. Samtidig vil vi definere det affektive litt smalare ved at det er vurderingar som særleg framhevar det personlege, gjerne gjennom ei beskriving av attkjenning eller individuelle opplevingar.

Vår tilnærming er inspirert av ein teoridreven, kvalitativ innhaldsanalyse (Fauskanger & Mosvold, 2014, s. 135). Å gjennomføre ein analyse basert på deduktiv kategorisering slik vi gjer her, er ikkje utan utfordringar. Dei litterære kriterier vi tar utgangspunkt i, er fleksible kategoriar med uklare skiljelinjer (Hagen, 2004, s. 40-41). Vi har begge lese meldingane i sin heilskap for å gjere fortolkingar av kjernen i desse tekstane, der det ikkje er mål om at meldinga skal plasserast i ein kategori. Snarare dreier det seg om å analysere kva for kriterium vi kan sjå i samheng med meldinga samla sett. Når vi i det følgjande presenterer fordelinga mellom kriterier, er det slik at éi melding kan romme alt frå eitt til fire kriterium.




### Følg med nå (2019) av Trygve Skaug

Diktsamlinga Følg med nå er den første boka til Trygve Skaug som er utgitt på eit etablert forlag. For mange er Skaug likevel eit kjent namn, og han blir karakterisert av kritikar Ingunn Økland (2019) som ein «Insta-poet». Følg med nå er den einaste diktsamlinga som var nominert til Uprisen for 2020.<sup>9</sup> Frå ungdomane får diktsamlinga alt frå terningkast 1 til terningkast 6. Mange vurderer ho til 4 eller 5, men det er ganske god spreiding blant dei ulike terningkasta (Fig. 1). Enkelte ungdomar posisjonere seg svært kritiske og skriv meldingar med titlar som «Et rent dikthel\*ete», mens andre er fulle av begeistring og skriv av boka inneheld «fantastiske dikt om hvordan det kan være og være ungdom».

Fig. 1. Oversikt over kor mange ungdomar som har gitt terningkast 1–6 og fordelinga mellom det moralske/politiske, kognitive, estetiske og affektive kriteriet.

Terningkast	Antall
	4
	6
	8
	12
	10
	7



### Dikt som treffer hjarte og hjernebark

Det er mykje som tyder på at attkjenningssmotivet står sterkt hos ungdomane som har vurdert *Følg med nå*. I fleire meldingar står det at eitt eller fleire av dikta treffe dei personleg, og ordet *personleg* er mykje brukt. Ei slik vektlegging ser vi i samheng med det affektive kriteriet, der det i hovudsak handlar om ei subjektiv lesaroppleving. Anine skriv at «Noen av diktene traff meg personlig og festet seg til hjernebarken ...», mens Johnny skriv at nokre dikt «treffer deg veldig godt i hjertet». I slektskap med attkjenningssmotivet blir også boka si målgruppe tematisert i meldingane. Nokre skriv at boka passar utmerkt til ungdom, mens fleire skriv at ho blir for vaksen for dei. Til dømes skriv Thea Marie at «jeg føler at denne boken er mer for de som er fra 20 årene», og Tobias skriv «det var litt mer voksne dikt som de kunne ha forstått». Ein anonym ungdom er kritisk til korleis forfattere forsøker å nærme seg ungdomen:

*jeg føler at forfatteren prøver for hardt å få ungdom til å føle seg bedre.(...) Budskapet er i seg selv veldig fint, men jeg synes han fremstiller det på en snål og uklar måte. Det er stor kvalitetsforskjell på diktene. Noen er humoristiske og rørende, mens andre er irrelevante og kleine.*

Sjølv om vi tolkar dette som uttrykk for ei subjektiv lesaroppleving og det affektive kriteriet, heng det saman med integritet innanfor det estetiske kriteriet. Det ser ut til å handle om troverd, eller det Hagen (2004) ville ha karakterisert som verkelegheit og oppriktigheit, der tekstane enten lukkast eller ikkje lukkast i å relatere seg til ungdomane sin livshorisont. Altså blir affektive og estetiske kriterium vanskelege å skilje frå kvarandre her, når ungdomane trekk fram moment som attkjenning og ungdom som målgruppe.



### Spennande, keisam og vanskeleg å forstå

Innanfor det estetiske kriteriet blir også intensitet eit viktig moment i meldingane. Ordet *spennende* er ein gjengangar, sjølv om det er ulike oppfatningar om boka

er spennande eller ikkje. Johannes skriv at «Boka er egentlig ganske oppslukende (...) gripende og morsom», mens Medina meiner at ho «Kan bli litt kjedelig». For nokre av ungdomane er ikkje boka enten spennande eller keisam, men begge delar. I tillegg til intensitet er det fleire som kommenterer bruken av verkemiddelet rim. Det ser ut til at rim blir vurdert positivt, og at mangelen på rim blir vurdert negativt. Til dømes skriv Mathilda at «Diktene var ikke skrevet tradisjonelt, med enderim eller like setninger eller lignende, noe som gjorde at mange av dem var vanskelige å forstå og følge». Trass i at diktsamlinga *Følg med nå* er multimodal, med illustrasjonar undervegs, er det få ungdomar som kommenterer dei. Eit unntak her er Anine, som skriv at «Det er også noen dikt som er illustrert og det var en av tingene jeg likte med hele boken».

Når ungdomane tar i bruk det kognitive kriteriet, er det ikkje snakk om ei distansert vurdering av kunnskapstilfanget til diktsamlinga. Ungdomane vektlegg særleg tilgjengelegheit, som tidvis blir vanskeleg å skilje frå kompleksitet. Mange framhevar det som positivt at diktsamlinga er kort, lett å lese og oversiktleg. Nokre synest at dikta - trass i at dei er lette å lese - er vanskelege å forstå. Her stiller fleire seg kritiske, til dømes skriv Johnny at «Det som jeg syntes var så negativt med boken er at det bare var masse random dikt (...) [De] ga ikke helt mening». Tilsvarende skriv Johannes at nokre dikt var vanskelege å forstå, og at det *irriterte* ham, mens Henrik brukar ordet *forvirrende*. Mathilde meiner det vil vere ein fordel for lesaren å forstå doble betydningar og det å kunne lese mellom linjene. Altså beskriv ho ein tolkingsskompetanse som kan vere fordelaktig om ein skal lese denne diktsamlinga (og kanskje litteratur generelt?). Ein anonym melder formulerer det slik: «Boka «Følg med nå» er en lettlest poesibok fra Trygve Skaug. Boka inneholder 100 ulike dikt, som for meg ikke ga noe mening.» Altså er det ikkje slik at det som er lett å lese, nødvendigvis gir *mening*. På den måten peiker meldingane tilbake til det didaktiske poenget innleingsvis, at dikt på same tid er overkommelege og ikkje overkommelege (Solbu & Hove, 2017, s. 11).

Figur 2. Oversikt over kor mange ungdomar som har gitt terningkast 1-6 og fordelinga blant det moralske/politiske, kognitive, estetiske og affektive kriteriet.



### Vind i værhanen (2019) av Dan Andersen

Diktsamlinga *Vind i værhanen* er Dan Andersen si femte bok. Kritiker hjå barnebokkritikk.no Gro Jørstad Nilsen skriv at diktsamlinga ikkje har eit ungt *lyrisk* eg som fører ordet, og at samlinga ikkje dreier seg om attkjenneleg ungdomstematikk. I staden er det «en elegant, liten genistrek av en diktsamling som gir en gjennomført poetisk parodi på Donalds Trumps stormannsgale verdensanskuelse» (Nilsen, 2019, u.s.). Blant dei diktsamlingane vi har sett på, er det *Vind i værhanen* som får flest kritiske vurderingar frå ungdomane (Fig. 2). Sjølv om dei vurderer ho frå terningkast 1 til 4, er det langt mellom dei positive meldingane. Mange gir terningkast 1 og 2 (over to tredjedelar), og ord som 'dårleg', 'keisam', 'sovne' og 'trøtt' går igjen i fleire av titlane.

#### Ikkje så glad i dikt

Det er dei estetiske kriteria som er mest framstående i meldingane av *Vind i værhanen*. Boka si intensitet, eller snarare mangelen på intensitet slik ungdomen ser det, blir eit viktig poeng i vurderingane deira. Mange omtalar diktsamlinga som keisam. Det keisame blir ofte knytt til at ho er innvikla og lite spennande. Altså dreier det seg både om at ho er lite tilgjengeleg (jamfør det kognitive) og at ho er utan spenning (jamfør det estetiske). Samtidig er det fleire som ser vurderinga i samanheng med egne preferansar. Det er tydeleg at mange av dei som har vurdert samlinga, ikkje er så glad

i dikt, eller at dei ikkje skjønner seg på dei (deira egne ord). Eksempelvis skriv Martin kort og greitt at samlinga er «generell kjedeleg er ikke glad i dikt», mens Ivar skriv «Jeg skjønner meg ikke helt på dikt» og Julie «jeg liker ikke dikt». Slike utsegner må ein forstå i samanheng med det affektive kriteriet.


I vurderingane av *Følg med nå* skreiv mange at dei kjente seg att. I *Vind i værhanen* er det ingen som skriv om attkjenning, noko som kanskje ikkje er så rart etter som dikta ikkje handlar om ungdomstematikk. Sjølv om mange av bokmeldarane uttrykker at dei har lite kjennskap til dikt, er det enkelte ungdomar som har tydelege forventningar til sjangeren. Til dømes skriv Karl at «Det jeg ikke likte var at det ikke var noe rim», mens Ella Caroline meiner det var «bra at det var med rim». Forventninga om rim gjorde seg altså gjeldande hos enkelte. Elevane sine tidlegare erfaringar med poesi gjer kanskje at rim er noko dei ser etter, og i desse høva blir det altså brukt til å understreke ei positiv eller negativ vurdering.

#### Etterlyser ei oppklaring

På tilsvarande vis som med *Følg med nå* ser det kognitive kriteriet, altså nivået forfattere legg teksten på, ut til å vere viktig når ungdomar vurderer *Vind i værhanen* (Fig. 4). Iver skriv at «Jeg likte ingenting ved boka fordi jeg ikke forsto noe som helst av hva han mente», mens Niklas meiner dette er «Korte tekster med 0 mening». Axel knyter det vanskelege ved boka til metafor-bruk og ord, mens ein annan av ungdomane, Shiza, formulerer det slik:

*jeg mener det trengs en oppklaring før hvert dikt som forteller hva diktet egentlig handler om.(...)  
Diktene virker veldig dype og lidenskapelige, men om hva? (...) Hva er det diktene egentlig handler om?*


Likvel er det enkelte som meiner at diktsamlinga var gøy, og at kompleksiteten ved tekstane gjer dei spennande. Silja skriv at «Det som var litt rart og spennende var at diktene nesten ikke ga mening fordi han brukte mange rare ord». Trass i at mange meiner diktsamlinga er vanskeleg å forstå, blir ho av fleire omtala som lett å lese. Dette er, i likskap med vurderingane av *Følg med nå*, noko som blir vurdert positivt. At dikta ikkje er altfor lange, er ifølge Karl og Silja bra, mens Cecilie meiner det korte omfanget gjorde det vanskelegare å forstå kva dikta handla om.



### Når er jeg gammel nok til å skyte faren min? (2019) av Åse Ombustvedt og Marianne Engedal

Diktsamlinga *Når er jeg gammel nok til å skyte faren min?* er skriven av Åse Ombustvedt og illustrert av Marianne Engedal. Blant dei diktsamlingane vi har sett på, er det denne som har fått mest omtale av profesjonelle kritikarar. Boka er også nominert til Nordisk råds barne- og ungdomslitteraturpris. Mange av ungdomane gir diktsamlinga terningkast 3 og 4, men vurderingane varierer frå terningkast 2 til terningkast 6 (Fig. 3). Fleire ungdomar karakteriserer diktsamlinga som at ho er annleis, unik og interessant. På kvar side av skalaen meiner Lina at boka er «spesiell, viktig og bra skrevet», mens Nils har skriva ei melding med tittelen «Når jeg blir gammel nok skal jeg skyte denne boka».

Figur 3. Oversikt over kor mange ungdomar som har gitt terningkast 1-6 og fordelinga blant moralske/politiske, kognitive, estetiske og affektive kriterium.



#### Med blikket mot formmessige greip

Samanlikna med *Følg med nå* og *Vind i værhanen* blir det affektive kriteriet mindre viktig når ungdomane skal vurdere *Når er jeg gammel nok til å skyte faren min?* Meldingane rettar seg i enda større grad mot det estetiske kriteriet, og mange er opptekne av handlinga i boka og kva for historie diktsamlinga fortel. Samtidig er det også her mange som posisjonerer seg kritiske; dei etterlyser meir spenning. I likskap med meldingar av *Følg med nå* og *Vind i værhanen* blir altså intensitet eit viktig kriterium for ungdomane. Emil skriv at «den sto på en måte litt fast», mens ein annan ungdom meiner at «forteljinga» hadde tatt seg betre ut som novelle eller skjønnlitterær ungdomsbok (vi tolkar dette som at ungdomen meiner roman). Som kontrast skriv Inger at diktsjangeren passar bra til innhald og tema fordi «dikt nesten alltid handler om livet, og på en måte hvor dårlig det er». Dette er estetiske kommentarar som rettar seg mot det formmessige i samanheng med forkunnskapar ungdomane har om litteratur. Ein av ungdomane, Eirik, merker seg at det finst ei historie i historia:

*Man får også et lite glimt av at faren og farfaren har hatt et dårlig forhold. Det ser man når faren sier noe sånt som «du nevner ikke faren min i mitt hus, har du ikke lagt merke til at det ikke er noe bilde av han her i huset.» Det er en historie man ikke får vite mye om, men noe som virker ganske spennende.*

Til forskjell frå *Følg med nå*, som også inneheld illustrasjonar, blir det visuelle ein viktig del i mange av meldingane av *Når er jeg gammel nok til å skyte faren min?*

Fleire bruker ordet «krusedull» for å beskrive illustrasjonane, og ein ungdom påpeiker at dei ser ut som noko ein barnehageunge kunne ha gjort. Ungdomane diskuterer kva illustrasjonane gjer med diktsamlinga, at ho blir dyster, og at dei uttrykker sinne og hat. Fleire er positive, blant anna Jørgen, som meiner at «Tegnningene i boka skildrer stemningen og passer godt med innholdet». I desse vurderingane dreier det seg òg om det estetiske ved boka, nærmare bestemt samspelet mellom modalitetane.

#### Viktig tematikk, lett å forstå

Mange av ungdomane påpeiker at diktsamlinga har eit viktig tema, og dét blir av fleire brukt som argument i ei positiv vurdering. Til dømes skriv Lina at «Boka handler om et viktig tema og det er en av grunnene til at jeg liker den». Slike formuleringar forstår vi i samanheng med det moralske/politiske kriteriet, der det dreier seg om vald i heimen som samfunnsproblem. Sjølv om boka er «litt kjedelig», får ho terningkast 5 av Lina fordi ho oppfattar tematikken som viktig, og at boka dessutan er «bra skrevet». Vidare blir boka beskriven som rå, kjenslevar, alvorleg, sår, trist, dyster og mørk. Inger skriv «faren som er så slem, gjør boka mørk og gutten som dette mørke går utover gjør det trist». Enkelte beskriv boka som depressiv, og dei mest kritiske meiner ho er for depressiv. Andre meiner at det trass i svært alvorleg tematikk vil vere mogleg for mange barn og ungdomar å kjenne seg att i tekstane. På den måten peiker dei òg mot eit truverde og ein integritet ved tekstene som ein kan sjå i samanheng med det estetiske kriteriet.


På same måte som i *Følg med nå* og *Vind i værhanen*

blir tilgjengelegheit tema i vurderingar av *Når er jeg gammel nok til å skyte faren min?*. Samtidig får det mindre fokus enn i dei to andre diktsamlingane, og det blir i mindre grad knytt til negative vurderingar. Thor Erik skriv til dømes «Hvert eneste dikt har en ganske dyp mening. Det liker jeg», mens Emil meiner «hun [forfatteren] klarte å få fram mye på lite skrift, det vil si at du må lese en del mellom linjene». Altså lukkast kanskje denne diktsamlinga, slik ungdomen ser det, i å skape dikt med mykje meining utan å vere utilgjengelege. Desse formuleringane kan ein også forstå i samanheng med kravet om kompleksitet, jamfør det estetiske kriteriet.

#### Kom og sett meg i orden (2019) av Kristian Bergquist

*Kom og sett meg i orden* er Kristian Bergquist si første diktsamling for ungdom. Blant dei bøkene vi har vurdert, er *Kom og sett meg i orden* den diktsamlinga som har fått minst merksemd i presse og blant profesjonelle kritikarar. På Uprisen har diktsamlinga derimot fått mange meldingar. Ho får mellom terningkast 1 og 6, og det er stor spreiding i korleis boka blir vurdert (Fig. 4). Boka har, i likskap med diktsamlinga *Når er jeg gammel nok til å skyte faren min?*, ein alvorleg tematikk, deriblant depresjon og sjølvordstankar. Samlinga inneheld 57 dikt fordelt på seks kapittel, der bokstavtitlane til saman formar orda «I ORDEN». Fleire ungdomar tolkar det dit at samlinga formidlar eit slags håp, eller at det «faktisk finnes et lys i slutten av tunnelen».

Figur 4. Oversikt over kor mange ungdomar som har gitt terningkast 1-6 og fordelinga blant det moralske/politiske, kognitive, estetiske og affektive kriteriet.



*Sterke dikt som treffer*

På same måte som i *Følg med no* er mange ungdommar i vurderinga av *Kom og sett meg i orden* opptekne av attkjenning. Det affektive kriteriet, som vektlegg personlege opplevingar, blir viktig i meldingane. Til dømes skriv ein anonym ungdom følgjande:

*(...) selv om det kanskje høres litt klisje ut, så kjente jeg meg veldig igjen. Jeg fikk bare lyst til å lese videre og klarte nesten ikke å legge fra meg boka. Jeg kunne egentlig ikke ha fått en bok som passet meg bedre, rett og slett fordi jeg følte at jeg fikk en slags «bekreftelse» på at det ikke bare er jeg som har det sånn.*

Fleire karakteriserer dikta som *sterke*, med tekstar som treffer og vekker følelsar og tankar. Elida skriv: «Diktene er sterke, kanskje de treffer deg, som de traff meg». Det at boka har ein alvorleg tematikk, står med andre ord ikkje i vegen for gode opplevingar. Til dømes skriv ein anonym ungdom at dikta er triste, men at det er «nesten litt deilig å lese de». Det affektive kriteriet går tidvis over i det kognitive, og det blir her framheva som positivt at tekstane ikkje er for utilgjengelege. Til dømes gir Anne boka ei positiv vurdering fordi «den vekket følelsene mine og diktene var skrevet på en måte som ikke var for avansert». Ho skriv vidare at boka ikkje er barnsleg, men heller ikkje for komplisert, og at diktsamlinga tar opp tema som ikkje har nokon alder. Dette kan ein òg sjå i samanheng med kompleksitet.

*Med oppmoding om å lese eller ligge langt unna*

På tilsvarande vis som i *Når er jeg gammel nok til å skyte faren min?* inkluderer nokre av meldingane til *Kom og sett meg i orden* det moralske/politiske kriteriet. Fleire av ungdomane oppmodar andre, til og med vaksne utanfor målgruppa, til å lese diktsamlinga. Dette skuldast at ho blant anna omhandlar sjølv-mord. Til dømes skriv Maria at «de fleste burde lese den for å forstå hvor

seriøst selvmord kan være», og fleire omtalar tekstane som at dei handlar om viktige tema. Elida skriv «Jeg mener boka var veldig bra, da temaene i diktene for det meste er viktige» og Narnia at «Jeg synes også voksne burde lese boka for å forstå hvordan noen ungdommer tenker osv». Andre meiner at dei som er deprimerte, bør unngå å lese boka, fordi ho er tung. Til dømes skriv Wim at «Det er viktig at du ikke leser denne boken hvis du er deprimert», mens Bærnt trur at «mange kan bli deppa og lei seg og hate seg selv av boka».

I likskap med dei andre diktsamlingane blir intensitet eit viktig utgangspunkt i kritikken av *Kom og sett meg i orden*. Fleire meiner diktsamlinga er keisam, noko dei grunngir ved at mange av dikta er like kvarandre, og dessutan at samlinga «hopper» litt fram og tilbake (Sara). Trass i dette kan boka vere bra, det er altså ikkje slik at det som er keisamt, nødvendigvis er dårleg. Til dømes skriv Angela «Jeg gir denne boka en terningkast 5 fordi det var litt kjedelig å lese boka, men var bra for det». Kva ungdomane meiner er bra, kan tidvis vere litt vanskeleg å få tak på. Men nokre stadar blir det klart at det dreier seg om godt språk og humor. Til dømes skriv Anne at diktsamlinga er «skrevet med en egen mørk humor, noe som gjør at den noen ganger også nesten er litt morsom». Dette trass i at diktsamlinga har ein dyster og alvorleg tematikk.

**Diskusjon og avslutning**

Når ungdomsskuleelevar skal vurdere samtidslyrikk for ungdom, ser det ut til at intensitet, tilgjengelegheit og attkjenning/truverd er viktige moment. Desse kan vi sjå i samanheng med Andersen (1987) si klassifisering av det estetiske, kognitive og affektive kriteriet. Det affektive i form av attkjenning blir ofte vanskeleg å skilje frå truverd i meldingane, der sistnemnde blir rekna som eit estetisk kriterium av både Andersen og Hagen (2004). Med utgangspunkt i Hagen sine perspektiv kan ein sjå elevane si vektlegging av truverd i samanheng med dei to ur-kriteria verkelegheit og





oppriktigheit. Kravet om intensitet kan peike mot det tredje ur-kriteriet, framandheit, som involverer noko uføreseieleg og ei litterær kraft (Hagen, 2004, s. 48).

Det moralske/politiske kriteriet, eller det Hagen (2004) omtalar som moralsk djupne, gjer seg også gjeldande for dei to diktsamlingane som eksplisitt tematiserer sosiale utfordringar (vald i heimen, sjølv-mordstankar). Når ungdomane opplever verket som *viktig*, teller det positivt i vurderingane deira, det kan til og med veie opp for mangel på intensitet eller spenning. Fleire ungdomar gir til dømes høge terningkast trass i at dei omtalar diktsamlinga som «litt keisam». Sjølv om behovet for attkjenning er til stades, ser det ikkje ut til å vere ein føresetnad for positive vurderingar. I diktsamlinga *Når er jeg gammel nok til å skyte faren min?* er det til dømes få som skriv om attkjenning, men mange er likevel positive fordi historia engasjerer dei. Det er altså ikkje slik at ungdomen utelukkande vurderer litteratur med utgangspunkt i det personlege, der litteratur fungerer som ein 'spegel' for dei (Årheim, 2011, s. 162-163). Møta med diktsamlingane blir for mange også eit 'vindaug' til noko anna.

Funna i vår studie har nokre likskapar med dei

som blir beskrivne av Moe og Røgler (2018), der spenning, truverd og identifikasjon/attkjenning var viktige moment i vurderinga av episke tekstar. I vår undersøking står også dei estetiske og affektive kriteria sentralt, og kravet om spenning gjer seg gjeldande sjølv om det her dreier seg om lyriske tekstar. Samtidig har vi funne at kognitive og moralske/politiske kriterium òg blir viktige moment i mange av meldingane. I meldingane ser vi tidvis at ungdomar omtalar tekstane som for enkle eller klisjéfylte, men det hender langt oftare at diktsamlingane blir karakterisert som for avanserte eller djupe. Det inneber at det kognitive kriteriet får meir plass i meldingane enn kravet om kompleksitet/integritet (jmfør det estetiske kriteriet). Å skrive utgjengelege dikt ser altså ut til å vere ei fallgruve for forfattarar som skriv for ungdom. Samtidig ser vi at det som blir omtala som utgjengeleg (utan meining), ofte også blir beskrive som keisamt (manglande intensitet). Dette kjem særleg fram i dei kritiske vurderingane av *Vind i værhanen*, der mange ungdomar gir terningkast 1 og 2.

Ein kan sjølvsagt diskutere om ungdomen sine kritiske innvendingar peiker mot kvalitetar ved verket, eller om dei er uttrykk for ein manglande litterær

kompetanse som trengst for å kunne gå i dialog med tekstane. Som Hagen (2004, s. 21) poengterer, er vurderingskompetansen og tolkingskompetansen gjensidig avhengige av kvarandre. Samtidig bør ein vere open for at enkelte diktsamlingar kanskje ikkje lukkast i å relaterer seg til ungdomen. Senje (2020) har til dømes stilt spørsmål ved om *Vind i værhanen* er ei diktsamling for ungdom viss det er slik at budskapet, det retoriske prosjektet med mål om å avkle manipulasjonen i det politiske språket, går langt over hovudet på målgruppa.

Det er særleg når ungdomane posisjonerer seg som svært kritiske at dei skriv det som Lund (2000, 58-59) ville definert som slakt/panegyrikk, altså kritikk utan grunnngiving. I enkelte av meldingane er også vurderingsgrunnlaget deira litt uklart, der diktsamlingane fort får merkelappen «keisam». Det personlege utgangspunktet, som litteraturkritikk jo fordrar til, kan vere ei utfordring med tanke på forståing og tolking (Johansson, 2015, s. 243). Ein kritiker som berre skriv ut frå si eiga tid og sin eigen stad, kan fort bli isolert (Hagen, 2004, s. 19). Likevel er det slik at fleirtalet av ungdomane legg minimum eitt, men ofte fleire, kriterium til grunn for vurderinga. Det er kanskje langt mellom det som av Lund (2000) ville blitt karakterisert som analysert og

nyansert kritikk, men det er heller ikkje å forvente med utgangspunkt i dei premissa som ligg for skrivinga.

For norsklærarar som skal arbeide med lyrikk i skulen, kan ungdomens krav om tilgjengelegheit vere verdt å ta med seg. Det inneber ikkje at ungdomen skal arbeide med tekstar utan motstand, men heller at læraren bør legge til rette for at dei utviklar reiskapar til å gå i dialog med poetiske tekstar. Økt kunnskap gir betre grunnlag for å vurdere litterær kvalitet og utvikle litterær smak (Hagen, 2004, s. 21). Slik sett blir dette eit argument for undervisning i litteraturhistorie og -teori. For arbeidet med lyriske tekstar blir slik undervisning kanskje særleg viktig, for det ser ut til at mange av ungdomane møter dikta med forventningar om at dei er episke tekstar (med dramaturgi, intensitet/spenning). Eit unntak her er kravet om rim, som er meir spesifikt knytt til lyriske tekstar. Mange av ungdomane ser ut til å vurdere bruken av rim som positiv, og fleire etterlyser verkemiddelet når det ikkje blir brukt i diktsamlingane. Avslutningsvis, viss ein skal legge funna frå denne studien til grunn, treng ein heller ikkje vere redd for å bruke dikt som er dystre og alvorlege. Dei tekstane som er mørke og personlege, ser ut til å fenge elevane langt meir enn dei som er ironiserande og distanserte.



## Litteratur

Andersen, P. T. (1987). Kritikk og kriterier. *Vinduet*, 3, 17-25.

Andersen, D. A. (2019). *Vind i værhanen*. Oslo: Flamme forlag.

Bergquist, K. (2019). *Kom og sett meg i orden*. Oslo: Aschehoug.

Birkeland, T., Mjør, I. & Teigland, A.-S. (2018). *Barnelitteratur - sjangrar og teksttypar*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Bjørkøy, A. M. B. (2015). Når fuglen flyr: *Høyest elsket* som eksperimentell utviklingsroman. *Barnboken*, 38. <https://doi.org/10.14811/clr.v38i0.217>

Brøske, I. H. (2012). *Ungdomslitteratur? En undersøkelse av to romaner for ungdom med særlig vekt på tematikk og tolkningsrom* [Masteroppgave, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet]. Henta frå: [https://ntnuopen.ntnu.no/ntnu-xmlui/bitstream/handle/11250/243804/529828\\_FULLTEXT01.pdf?sequence=1&isAllowed=y](https://ntnuopen.ntnu.no/ntnu-xmlui/bitstream/handle/11250/243804/529828_FULLTEXT01.pdf?sequence=1&isAllowed=y)

Bu, K. (2005). *Terningkast og litterære kriterier - En analyse av dagspressens bokanmeldelser med terningkast*. [Masteroppgave, Universitetet i Oslo]. Henta frå: <https://www.duo.uio.no/bitstream/handle/10852/27581/31502.pdf?sequence=1&isAllowed=y>

Espevik, T. & Hammer, S. H. (2020, 20. februar). Pusher dikt til ungdommen. *Klassekampen*. Henta frå: <https://arkiv.klassekampen.no/article/20200220/ARTICLE/200229996>

Fauskanger, J. & Mosvold, R. (2014). Innholdsanalysens muligheter i utdanningsforskning. *Norsk Pedagogisk Tidsskrift*, 98(2), 127-139.

Hagen, E. B. (2004). *Litteraturkritikk - ei innføring*. Oslo: Universitetsforlaget.

Heivoll, A. B. (2019, 18. desember). Hva skal vi med diktanalyse i skolen? *Fedrelandsvennen*. Henta frå: <https://www.fvn.no/mening/kronikk/i/Wby41a/hva-skal-vi-med-dikt-i-skolen>

Holm, C. (2020, 19. februar). Alle disse instadiktene, ikke visste kritikerne at de var selve poesien. Henta frå: <https://blabla.no/responsrommet/2020/02/alle-disse-instadiktene-ikke-visste-kritikerne-de-var-selve-poesien>

Kendzior, N. (1995). Tolv tanker om kritikerens plikter og perversjoner. I S. Lie & L. Nysted (Red.), *Samtaler med et svin: en antologi om litteraturkritikk* (s. 124-134). Oslo: Cappelen.

Johansson, M. (2015). *Läsa, förstå, analysera. En komparativ studie om svenska och franska gymnasieelevers reception av en narrativ text* (Doktoravhandling). Linköping universitet, Linköping. Henta frå: <http://liu.diva-portal.org/smash/get/diva2:856465/FULLTEXT01.pdf>

Lerner, B. (2017). *Hatet til poesien*. [Oversatt av Thomas Lundbo]. Oslo: Cappelen Damm.

Lowum, E. T. (2013). Når ungdom og voksne leser ungdomslitteratur: om Uprisens og Brageprisens motstridende vurderinger. *Bøygen*, 3(25). Henta frå: [https://issuu.com/boygen/docs/boygen\\_03\\_2013\\_web](https://issuu.com/boygen/docs/boygen_03_2013_web)

Lund, C. W. (2000). Kritikkens rom - rom for kritikk? Kulturstoffets rolle i dagspressen. Norsk kulturråd.

Michaelsen, A. G. (1983). *En plassering av Gunnar Heibergs ungdomslyrikk*. Tangen: Krystalline.

Moe, M. & Røgler, V. (2018, 12. februar). *Foreningen lles*. Henta frå: <https://foreningenles.no/kritikk-i-skolen/2018/02/12/proppfull-av-virkemidler-og-spenning-hoyere-enn-himalaya/>

Mæland, O. M. (1969). *Eros og Mytos: en studie i Henrik Wergelands ungdomslyrikk*. Bergen: Universitetsforlaget.

Nikolajeva, M. (2017). *Barnbokens byggklossar* (2. utgave). Lund: Studentlitteratur.

Nilsen, G. J. (2019, 19. desember). To mørke samlinger og en sprelsk. *Barnebokkritikk.no*. Henta frå: <https://www.barnebokkritikk.no/to-morke-samlinger-og-en-sprelsk/#.X1ntPSokmu4>

Nystøl, K. F. (2018, 30. november). Brageprisvinner Elven elskes av kritikere, men møtes med skepsis av ungdom. *Periskop*. Henta frå: <http://www.periskop.no/brageprisvinner-elven-elskes-av-kritikere-men-motes-med-skepsis-av-ungdom/>

Nærum, K. (2014, 30. oktober). Vår tids forakt for kunnskap. *Dagbladet*. Henta frå: <https://www.dagbladet.no/kultur/vr-tids-forakt-for-kunnskap/60197848>

Ommundsen, Å. M. (2010). Barndom i senmoderniteten. I P. O. Kaldestad & K. B. Vold (Red.), *Årbok 2006. Litteratur for barn og unge* (s. 23-34). Oslo: Det Norske Samlaget.

Ombustvedt, Å. & Engedal, M. (2019). *Når er jeg gammel nok til å skyte faren min?*

Pedersen, F. H. (2020a, 15. januar). Poesi + kritikk = krise. *Bokvennen Litterær Avis*. Henta frå: <https://blabla.no/metakritikk/2020/01/poesi-kritikk-krise>

Pedersen, F. H. (2020b, 24. februar). Instapoesi er ikke uten videre poesi. *Bokvennen Litterær Avis*. Henta frå: <https://blabla.no/responsrommet/2020/02/instapoesi-er-ikke-uten-videre-poesi>

Rottem, Ø. (1995). Notater fra en litteraturkritikers verksted. I S. Lie & L. Nysted (Red.), *Samtaler med et svin: en antologi om litteraturkritikk* (s. 27-49). Oslo: Cappelen

Rzadzowska, J. (2020, 26. februar). Vi trenger en bedre debatt om instapoesi. *Bokvennen Litterær Avis*. Henta frå: <https://blabla.no/responsrommet/2020/02/vi-trenger-en-bedre-debatt-om-instapoesi>

Senje, I. (2020). Dikt for de som ikke liker dikt. *Bokvennen litterær avis*. <https://blabla.no/essay/2020/01/dikt-de-som-ikke-likes-dikt>

Skaug, T. (2019). *Følg med nå*. Oslo: Cappelen Damm.

Slettan, S. (2007). Kjønn i bilete - Om Harald Rosenløw Eegs Filter. *Edda*, 94(3), 268-280.

Slettan, S. (2020). *Ungdomslitteratur - ei innføring*. (2. utgave). Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Solbu, K. R. & Hove, J. O. (2017). *Samtidslitteratur i klasserommet*. Bergen: Fagbokforlaget.

Talmo, T. (2016, 10. oktober). Hva skal ingeniører med diktanalyse? *Khrono*. Henta frå: <https://ublogg.no/hva-skal-ingeniører-med-diktanalyse/>

Vassenden, E. (2020, 2. mars). En enda bedre debatt om instapoesi? *Bokvennen Litterær Avis*. Henta frå: <https://blabla.no/responsrommet/2020/02/en-enda-bedre-debatt-om-instapoesi>

Waage, L. R. (2013). Kompis? Rival? Kjæreste? - eller kanskje bare homo? - Om maskuline relasjoner i Mannen som elsket Yngve (2003). *NORMA*, 8(2), 152-167.

Økland, I. (2019, 6. april). Instapoeten Trygve Skaug taper seg i bokform. *Aftenposten*. Henta frå: <https://www.aftenposten.no/a-magasinet/i/onp366/bokanmeldelse-instapoeten-trygve-skaug-blekner-i-bokform>

Årheim, A. (2011). Litteratur som spegel eller fönster? I B-G. Martinsson & S. P. Swärd (Red.), *Ämnesdidaktik - dåtid, nutid och framtid. Bidrag från femte rikskonferensen i ämnesdidaktik vid Linköpings universitet 26-27 maj 2010* (s. 155-165). Linköping: Institutionen för kultur och kommunikation vid Linköpings universitet. Henta frå: <http://liu.diva-portal.org/smash/get/diva2:421323/FULLTEXT01.pdf>

### Fotnoter

**1** Sjå til dømes vinnaren for 2020 Voksne mennesker (2019) av Marie Aubert eller *Det andre namnet. Septologien I-II* (2019) av Jon Fosse som var blant dei nominerte.

**2** Det er ikkje rett å skrive at Uprisen er *heilt* utan føringar frå vaksne. Det er til dømes rettleiingar på nettstaden, der ungdom kan lese kva ei god melding skal innehalde.

**3** I perioden 2015–2019 var det til dømes berre fem norske dikt-samlingar for ungdom som var meldt opp til innkjøpsordninga (Espevik & Hammer, 2020).

**4** *Følg med nå* (2019) av Trygve Skaug.

**5** Omgrepet 'ungdomslyrikk' er lite brukt i forskinga. I nokre få, litt eldre, studiar der 'ungdomslyrikk' har blitt brukt, er det for å omtale ein forfattar si tidlege diktning. Sjå til dømes studiar av Henrik Wergeland (Mæland, 1969) og Gunnar Heiberg (Michaelsen, 1983).

**6** Sjå til dømes «Kjønn i bilete – Om Harald Rosenløw Eegs Filter» (Slettan, 2007), «Kompis? Rival? Kjæreste? – eller kanskje bare homo? – Om maskuline relasjoner i Mannen som elsket Yngve (2003)» (Waage, 2013) og «Når fuglen flyr: Høyest elsket som eksperimentell utviklingsroman» (Bjørkøy, 2015).

**7** Ei melding er lagt inn to gonger. Det er også to meldingar som er skrivne av vaksne og fell utanfor dei som egentleg skal skrive på Uprisen. Desse har vi derfor sett bort frå.

**8** Ei melding er lagt inn to gonger.

**9** Det var ungdomsromanen *Dette er ikke oss* av Neda Alei som vann kåringa. Uprisen blei delt 24. september 2020.

## VITENSKAPELIG REDAKSJON NORSKLÆREREN 2021

### LEDER

Jonas Bakken, Universitetet i Oslo.  
Førsteamanuensis ved Institutt for lærerutdanning og skoleforskning, UIO.  
[Jonas.bakken@ils.uio.no](mailto:Jonas.bakken@ils.uio.no)

### MEDLEMMER

Jon Smidt, NTNU  
Professor emeritus i norskdidaktikk, avdeling for lærer- og tolkeutdanning.  
[jon.smidt@ntnu.no](mailto:jon.smidt@ntnu.no)

Lars Anders Kulbrandstad, Høgskolen i Innlandet.  
Professor I norsk ved Institutt for humanistiske fag.  
[lars.kulbrandstad@inn.no](mailto:lars.kulbrandstad@inn.no)

Dagrun Skjelbred, Universitetet i Sørøst-Norge.  
Professor emerita ved Universitetet i Sørøst-Norge.  
[dagrun.skjelbred@usn.no](mailto:dagrun.skjelbred@usn.no)

Arne Johannes Aasen, Skrivesenteret Trondheim, NTNU.  
Senterleder ved Nasjonalt senter for skriveopplæring og skriveforskning.  
[arne.j.aasen@ntnu.no](mailto:arne.j.aasen@ntnu.no)

Nina Goga, Høgskulen på Vestlandet.  
Professor ved Institutt for språk, litteratur, matematikk og tolking.  
[nina.goga@hvl.no](mailto:nina.goga@hvl.no)